

## **Brynjulf Alver**

# **Eventyr - er dei for born?**

... noen brukte brennevin så brukte vi eventyr, sa mor Åse til forklaring på korleis ho hadde overlevd med ein tulling til son. I eventyra fann dei ei verd som mildna den harde kvardagen og som synte at når det syntest vera på det verste, så stod lykka på lur like rundt hjørnet.

Sjølvsagt er eventyra escape, dagdraum, eit hjelpemiddel me kan nytta til å sigra over den grå røyndomen. Faktisk er kanskje dagdraum ei av dei viktigaste hjelperrådene me har til å overleva i ei hard og ubarmhjertig verd.

Men like sjølvsagt er eventyret mykje anna og. Framfor alt er dei ei idealdikting som syner korleis det handlande mennesket kan vinna fram. Det er også ei oppmuntring til oss som er fattige og små at me kan nå til høgda av samfunnet. Det er som om livet sjølv stadfester at eventyret er sant. Me har opplevd at eit par småjenter i England kunne bli gifte med dronningsøner, den eine hadde litt praksis frå barnepass og hi kunne rosa seg av to samlivsperiodar med gifte menn. Også her heime har me erfart at dei kongelege finn seg ektefellar utanom krinsen av kongelege. Det er just det same som hende med Oskefisen og Kari Trestakk. Eventyret er sanning når det let Oskefisen bli kongens måg og få den yngste og vakraste prinsessa saman med halve kongeriket. Me opplever det kvar dag gjennom vekeblada: Sjukesystema vert gift med den kjekke, unge reservelegen, kontordama står brur med juniorsjefen i firmaet ved sidan av seg, eg skal ikkje nemna kva som kan henda med professoren og den vakre, unge studina. "Your dreams come true", syng Disney.

Dette synest ikkje vera barnedikting, men må høyra til dei vaksnes verd og draum. Men kven seier at ikkje born finn dette spanande?

Kva er så eventyr? Vi har det litterære eventyret, som t.d. H.C. Andersens vedunderlege historier. I mange tilfelle er dei nok i slekt med folkelege forteljingar, men er nok først og fremst individualdikting og litteratur.

Me har mange grupper av eventyr som først og fremst har vore fortalde.

Dyreeventyra er tvillaust dikting for born, med si forklåring av tilhøva i dyreverda og ofte med innlagt moral. Det er også ramseeventyra, som berre er til glede for vaksne når dei skal fortelja for born. Slik er det også med historiene om det dumme trollet, som alltid let seg narra. I avfallsdunken med det som amnestuevrøvl. Like så visst er skjemteeventyra dei vaksnes dikting, med ein grov, folkeleg humor.

Så står me att med novelleeventyra, ein munnleg parallell til den moderne kjærleiksnovella. Og til slutt den mest interessante gruppa, undereventyra, dei me først og fremst reknar som eventyr. Og dei er i sanning eventyrlege, ofte lange historier som er bygde opp av handlingsbrikkar med lover for handlinga i svart og kvitt, fylte med all verdas underlege ting: dyr som ikkje berre talar mannemål, men som også fer åt som menneske, trollkoner som kan gje helten ønskje han får oppfylt, troll med tre eller ni hovud, tre som kan tala og handla, hattar som gjer beraren usynleg, friarar som får sett hovuda på gardsstaur om dei ikkje kan makta dumme oppgåver som prinsessa narrar dei til å prøva på, fæle avrettingsmåtar som å slites sund mellom ville hestar eller rulla utfor eit stup i ei spikartønne. "Intet er for smått til at kunne, intet for stort til at turde brukes," som ein eventyrforskar har forma det. Rundt om på jorda ferdast dei merkelegaste skapnadene frå ulike tider: Jomfru Maria og St. Peter, Vår Herre, døden og fanden.

Og i alt dette virvaret ei forteljing som er særmerkt med ein særskild logikk, der det gode vert løna, det vonde straffa, klokskapen sigrar over tankeløyse og dumskap og ikkje noko er for merkeleg eller vedunderleg at det ikkje kan henda.

Det er noko absolutt med eventyret som i særleg grad skulle gjera dei til barns eige: sansen for heilskap og det einfelde, den vekt det legg på det små og lite ansverdige, som er så viktig for alle, hopehavet med naturen samanhengen mellom alt som finst i verda, rettferdskjensla, som ikkje tek omsyn til status.

Så har ein også frå først av sett på eventyret som noko viktig og bra for borna. Jakob Grimm meinte t.d. at eventyret og barna heilt frå først av høyrde saman, og han

kalte eventyret "ein god engel som er gitt barnet med på vegen". Martin Luther sa: "Eg ville ikkje skilja meg med dei vedunderlege eventyra som eg lærde som barn".

Men kor lenge var Adam i Paradis. Det hende seg slik at Grimms heimland måtte leva gjennom 12 år med nazismen, og med den følgde brutalitet, tortur, konsentrasjonsleirar og massakrar. Det som hende av negativt var så skrekkeleg at det gjekk langt over det me kunne førestella oss og tru. Heilt til i siste krigsåret nekta amerikanske aviser å tru på mengdedrapet av jødar. Dette landet som ein gong var heimlandet for diktarar og filosofar vart til eit inferno av valdsgjerningar, drap og menneskeleg fornedring. Ein måtte spørja seg: Korleis var dette mogleg. Kva var det som hadde hendt med Europas kanskje mest opplyste folk?

Jau, tenkte den amerikanske okkupasjonsmakta. Det er for di dei heilt frå barneåra er blitt fora med dei grusomme eventyra hjå Grimm, med halshogging og pinsler, med tarmane trekt ut av levande menneske, med hovudet til folk sett på stakar og kroppen sundslegen og knust og festa til Hjul. Frå barnealderen av vart dei systematisk opplærde til å lika mishandling av andre, til å verta torturistar. Kva var meir naturleg enn å forby Grimms eventyr. Som tenkt så gjort.

Men amerikanarane er ikkje berre dyktige krigarar som sigra over den nazistiske styggedommen, dei ser også på seg sjølv som dei som kan rå bot på galskapen. Her var det så visst på sin plass å gripa inn. Dei sende skarar av psykologar, sosiologar, antropologar og pedagogar over havet for å komme den komande slekt til hjelp. Og denne hærskaren av fagfolk, som til vanleg berre fører ulykke med seg, dei fann rette metoden til å kurera tyskaryngelen. Dei fekk gå på kurs og sjå skrekkefilmar av alle slag, slik at somme spydde og andre fekk psykisk break down. Ein dag synte dei ein film om forfølginga av kristne i det gamle Roma. Kristne vart førde inn på Colosseum og løver sleppte laus på dei, og det gjekk som det måtte. Ungane tykte ikkje det var særleg fjelgt å sjå på, dei hadde heller aldri vore torturistar i konsentrasjonsleirane, det var dei for unge til. Men så var det ein liten unge som gråt og skreik noko så usømeleg, at psykologane måtte trøysta han. "Var det så fælt du vesle," sa dei til han. "Ja!" skreik ungen. "Kva var det du synest var verst då", sa ein at desse ekspertane. "Jau," hiksta ungen, "såg du ikkje den vesle løva heilt på høgre sida som ingen fekk!"

Kanskje dette er ei løgnhistorie. Det vert alltid sagt så mykje rart om tyskarar og psykologar. Også våre born las Grimms eventyr, og Asbjørnsen og Moe, som så visst ikkje er nokon frøkenlesing. Likevel var det få nordmenn som vart gestapistar under krigen, så forklaringa må nok liggja ein annan stad.

Mangt anna møtte eventyra her heime. Det eine var at Asbjørnsen og Moes språkform veik så mykje av frå dansk skrivenormal at borna måtte verta usikre når dei sjølv skulle skriva. Dessutan var eventyra råde og folkelege og mangla alt av sivilisasjon og finkjensle. Det var som om ein tok på seg kleda ein nytta når ein køyrde møkk og gjekk til kyrkje med. Ein snev av sanning må det nok ha vore når ein tenkjer på kva slag menneske som utgjorde det litterære eller kunstbevisste miljøet i 1850-talets Kristiania. Det vart også reist innvendingar frå pietistisk hald både om mangel på kristen tru og moral og etikk, og det kan så godt vera at også dei hadde noko å fara med. Ei anna innvending var at eventyrverda var ei anna enn den røyndomen borna møtte i si daglege verd, og at eventyra difor ville svekke bornas realitetssans under oppveksten.

Me skal så litt innom vitskapshistoria. Forskinga av den folkelege kulturen hadde opphavet i brørne Grimms "Kinder und Hausmärchen" frå 1812, me kan best omsetja tittelen som "Eventyr for born og heim". Denne samlinga vart og er framleis svært populær heile verda over og vart mønster for mange komande eventyrutgåver, også til vår P. Chr. Asbjørnsen og Jørgen Moe: "Norske eventyr" frå førstninga av 1840-åra. Ingen drog i tvil at eventyra var barnedikting og den sterke negative reaksjonen på bondsk språk og forteljemåte sprang nok ut frå tankar om at ein måtte verna borgerskapets born. Landsungane var det ikkje stort å gjera med, dei hadde høyrte slike og langt verre historier lenge før Asbjørnsen og Moe. Dei var dessutan i mange tilfelle tradisjonsberarar sjølve.

Moltke Moe, Jørgen Moes son, var frå 1880-åra professor i folkedikting. Han redigerte snart spesielle eventyrbøker frå Asbjørnsen. Han hadde mangt å seia om barn og eventyr:

"Eventyrene maa sigtes og grupperes. Der er eventyr som ikke er for børn. Og de som passer, passer ikke lige godt for alle trin. Saaledes skal man være forsigtig med slige eventyr, som egger frygtfølelsen hos barnet (f.eks. "Kjæresten i skogen" og "Grønskjeg", eller de udenlandske Rødhætte og Ridder Blaaskjeg").

De eventyr som ligger de smaa nærmest, er *dyre-eventyrene*. Børn føler sig nær i slegt med dyr. Ikke alene synes de, dyret minder om mennesket i udseende, og beundrer øinenes glans og lemmernes smidighed; men især er det dyrenaturen som tiltaler dem: dens fortrolighed, dens skarpe karaktertræk, dens klare, usammensatte drifter, livsformernes

enkelhet og gennemsigtighet. Alt dette skjønner barnet og føler sig mere tildraget af end af det sammensatte og brogede menneskeliv. Derfor griber baade barnerim og eventyr først og fremst til dyrelivet. Og for eventyrets vedkommende altid slig at dyrene indføres talende og handlende som mennesker, paa samme tid som de fastholder sin dyrekarakter og sine dyreeiendommeligheder. Det er denne sammensmeltning af dyre- og menneskeforhold som er rygraden i dyre-eventyret: Ræven har al sin slegts sluhed og dens forkjærlighed for høns og gjæs, paa samme tid som den taler om aastedssager, blir buden i barselgilde, og faar breve fra paven i Rom; hanen staar paa møghaugen og galer og blunder paa ett ben, men samtidig finder den ræven ugudelig fordi han ikke korser sig og læser for maden. Dette er just efter barnets syn, og det er ikke mindst denne naive samfølelse, der lar dobbeltheden gaa op i livsenhed, som gjør dyre-eventyret saa umiddbart forstaaeligt og naturligt for børn.

En ordning af dyre-eventyrene maatte begynde med de smaafortællinger som staar barnerimenes naturbilleder nær, slige som "Hanen og hønen" eller "Hanen, gjøken og aarhanen", med deres lydefterligning. Dernæst følger eventyr som "Hanen og hønen i nøddeskogen", "Hønen som skulde til Dovrefjeld for at ikke al verden skulde forgaa", "Haarslaa som aldrig vilde hjem gaa", "Ræven og bjørnen", "Hanen og ræven", o.s.v. Som en liden gruppe for sig slutter sig dertil nogle eventyr, som forklarer en eller anden fremtrædende dyreeiendommelighed, især ved udseendet; blandt disse f.eks. "Hvorfor bjørnen er stubrumpet", "Hvordan haren blev haremyndt", "Gjertrudsfuglen", "Grisen og levemaaden hans". Endelig gives der en del dyre-eventyr med sterkt satirisk tilsnit og derved løftet op paa et høiere trin: "Haren som havde været gift", "Han far sjøl i stua", o.l."

Han skulle berre visst kva born fortel, og det visste han også. Han har m.a. skrive opp ei riktig grisehistorie etter ei 7 år gammel jente i Telemark. Kanskje var det dette at her galdt det bondeongar som fortalde, ikkje sarte byborn. For tru at han er moralistisk når det gjeld dei:

"Som saa ofte i livet, er det ogsaa her misbrugen, som har skygget for brugens berettigelse. Thi *det* er sandt: børn maa ligesaa lidet proppes med eventyr som med kager. Aldrig for meget ad gangen! Og helst hjemlig kost; den tilegner barnet sig ganske anderledes end mesteparten af den

fremmede; fremfor alt ikke for sterk blanding af fremmed og hjemligt."

Dette er sjølvsagt tullprat, om Moltke Moe var aldri så mykje professor. Han hadde aldri hatt nokon særleg omgang med born, var ugift og barnlaus, halvdøv og alltid oppteken med problem frå dei vaksnes verd.

Men han har rett i at eventyra kan tilføra born nytt innsikt og mange slags inspirasjon. Undereventyret med sitt ofte brutale innhald og utrulege fabulering, med endevending av all røyndom, kan vera viktig for barns fantasiliv og for forståing av at det finst eit samband mellom alt liv. Menneske kan ta på seg dyreham og dyr vert forvandla til menneske og så vel ville dyr som plantar vert hjelpsame vener for menneske.

Dette er ei sanning som vert endå klårare for di eventyret er så ope. Trass i alle overnaturlege vidunder så gir det eit overveldande inntrykk av å vera noko røyndleg. Det er faktisk barnets logikk som er med på å gje inntrykk av at eventyrets idé er sann.

For å skapa ein slik heilskapsstemning nyttar eventyret ein spesiell teknikk. Det er stadlaust og tidlaust: det var ein gong, eller: i eit land langt, langt borte. Ein kan vera meir presis utan å vera det: Det var i dei dagar då Vår Herre vandra kringom på Jorda, eller: den gongen alle dyr kunne tala. Namna er inkjeseiande eller alle er namnlause: Kongen og prinsessa, riddar Rød, Per, Pål og Espen, Kari Trestakk, Mumle Gåsegg. Og stadene det går for seg finn vi ikkje att i all verdas kartverk: Soria Moria slott, Austan for sol og vestanfor måne, i eit land der alle vegane gjekk beint fram og ingen gjorde ein bøyg på seg. Handlinga er lineær og ein ser sjeldan og aldri tilbake. Dei handlande er nærmast handlingsberarar utan individuelle særdrag, og det heile kan i og for seg gå for seg kvar som helst var det ikkje for små miljødrag som knyter eventyret til det landet det vert fortald i. Eg skal gje døme på det.

Men først bør det nemnast at eventyret er den mest vidspreidde genre dikting vi kjenner til. Det har si utbreiing frå Irland i vest til Kina i aust, frå Island i nord til Afrika i sør. Og med hjelp av ferdatrangen til europearar og arabarar er det eurasiske eventyret spreidd over heile kloden. Ingen veit kvar det kjem ifrå og ingen veit kor gammalt det er. Me kan kjenna att handlingsgangen gjennom 1000-vis av år over alle språkgrensar og under alle former for samfunnssystem og det er uråd å

*Brynjulf Aløer*

førestella seg kor mange ledd det er mellom opphavet og til det vart prenta i Asbjørnsen og Moe.

Men det er sant at det inneheld så mange etniske drag at det kjennest heimsleg. Det er sikkert ein viktig faktor om det skal verta barns dikting at dei kjenner seg att: den djupe skogen med små grøne flekkar, blåne etter blåne, det vide havet, bjørnen som ruslar rundt det heile, gjetarjenta og guten, ørna som tar guten på ryggen, den gnistrande vinternatta, hundekvalpen som gøyr mot månen, kjerringa som kjerner smør, dei late gutane som gnir ryggen mot husnovene, eller bygdebarns tankar om kongen sjølv som står på trammen med krone på hovudet og røykjer langpipe. Sjølv sagt er dei fleste av desse bileta noko som fremst høyrde til i fjell- og fjordbygdene utan kontakt med bykulturen. Men ennå ikkje så fjernt at ikkje mange den dag i dag vil sjå på det som sitt nære land.

Eg kan godt svara på det spørsmålet som tittelen på dette innlegget stiller: Eventyret er sjølv sagt vaksnes dikting. Men det når også born anten ved at ein fortel dei eller les eventyr vaksne har skriva og fått prenta. Men også born fører eventyra vidare på munnleg vis - ikkje dei lange undereventyra, langt meir stuttformer og gjerne med dramatisk innhald. F.eks. historia om "Eg vil ha att tarmene mine" som til og med har AT-nr.

Til langt opp i vårt århundre var den vanlege oppfatninga at eventyret var primitiv dikting, Slik såg Moltke Moe det:

"Barnet og eventyret staar paa samme aandstrin. Eventyrets maade at tænke og slutte paa er ogsaa barnets. Thi det er i barnets og naturmenneskets aand, i hvad man kunde kalde den udfoldede menneskesjæl, som eventyret har sit opkomme; i en aandstilstand hvor forstand og fantasi endnu ikke har løst sig ud fra hinanden, men virker sammen, i og med hverandre, i uklar blanding; da refleksionsevnen er blød som brusk, og dog dagen lang tumler med "hvorfor" paa "hvorfor". Barnet og eventyret hører sammen fra begyndelsen af."

Ikkje noko kan vera meir feil. Eventyra er ei svært avansert form for dikting, med 100 000-vis av meddiktarar. Sjølv sagt er ikkje alle variantar og former like vellykka. Men me må sjå på genren som ein heilskap og då finst det ikkje maken korkje i kvalitet eller mengde. Det er nok sant at både born og naturfolk har bora eventyret og hatt felles ideologi med det. Men born er ikkje dumme eller primitive, og naturfolk, som dei vert kalla, er heller ikkje barnslege og primitive meir enn me

*Eventyr - er dei for born?*

er det. Det er ei sterk diskriminering av så vel eventyr som born og naturfolk å hevda slike ufordøyde meiningar.